

MØTEINNKALLING - KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

Arkivnummer	311/2025
Møtedato og tid	Tysdag 9. desember 2025 kl. 13.00-16.00
Møtestad	Kommunestyresalen

Medlemmer blir med dette innkalla.

Varamedlem Jesper Hole blir innkalla (Anders Norderhus har meldt forfall).

Øvrige varamedlemmer møter berre etter nærare innkalling.

Eventuelle forfall, eller spørsmål om habilitet, blir å melde til SKNG v/ Elin Marit Andgard på telefon 481 96 875 eller e-post: elin-marit.andgard@sel.kommune.no

Sakliste

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- 38/25 Godkjenning av protokoll
- 39/25 Revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon 2025
- 40/25 Risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga 2025
- 41/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon om "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/ investeringsbehov"
- 42/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon om "Overordnet styring av informasjons-sikkerheten"
- 43/25 Kontrollutvalets årsplan for 2026
- 44/25 Oppdragsavtale 2026 med Innlandet Revisjon IKS
- 45/25 Referatsaker og orienteringar
- Ope post

Tilleggsinformasjon

Møtet er ope i samsvar med kommuneloven § 11-5.

Regnskapsrevisor deltar i sak 39-41.

Det blir kaffe/te med biteti.

Lesja, 2.12.2025

Elin Randi Johnson (sign.)

Leiar av kontrollutvalet

Elin Marit Andgard

Sekretariatsleiar SKNG

Kopi: Varamedlemmer, ordførar, kommunedirektør og Innlandet Revisjon IKS

Sak 38/25 Godkjenning av protokoll

Saksutgreiing

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 31. oktober 2025 var sendt ut 3.11.25, og er derfor ikkje lagt ved saken. Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner protokoll frå møtet den 31. oktober 2025.

Sak 39/25 Revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon 2025

Vedlegg

➤ Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2025 Lesja kommune

Saksutgreiing

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens regnskaper blir revidert på ein betryggande måte (jamfør kommuneloven § 23-1) samt halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet (jamfør forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 3). For å innfri dette, må kontrollutvalet ha kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar. Oppdragsavtala med revisjonen og revisjonsstrategi er viktige element i kontrollutvalets påsjå-ansvar.

Utdrag frå oppdragsavtala:

8. Dialog mellom revisjonen og kontrollutvalget

Formålet med dialogen mellom revisjonen og kontrollutvalget er at kontrollutvalget får en betryggende sikkerhet for at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Innenfor regnskapsrevisjonen skal revisor søke å sikre at kontrollutvalget får en god forståelse av revisjonsmandatet, planlagte revisjonshandlinger samt resultatet av gjennomførte revisjonshandlinger.

9.3 Rapportering av regnskapsrevisjonen

Formålet med rapporteringen er å gi kontrollutvalget en løpende orientering om revisjonsarbeidet som gir dem et tilstrekkelig grunnlag til å vurdere at;

- regnskapet blir revidert på en betryggende måte*
- regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften kapittel 2 og 3.*

Oppdragsansvarlig revisor er ansvarlig for rapporteringen av regnskapsrevisjonen. Han/hun rapporterer sitt arbeid årlig til kontrollutvalget slik (minimumskrav):

- Plan/overordna revisjonsstrategi (høst)*
- Orientering om fasene i revisjonsarbeidet*
- Risikovurderinger og nivå på vesentlighetsgrense*

- *Risiko og vesentlighetsvurdering forenklet etterlevelseskontroll*
- *Årsregnskapsrevisjon og revisjonsberetning (vår)*
- *Forenklet etterlevelseskontroll (vår)*

Innlandet Revisjon IKS har utarbeida overordna revisjonsstrategi (jamfør vedlegg). Revisjonsstrategien omtalar lovgrunnlaget, risiko- og vesentlegvurdering, tidsplan for revisjonsarbeidet, metodikk, identifiserte risikoområder og attestasjonsoppgaver. Punkt 8 i revisjonsstrategien om forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga blir handsama som eigen sak.

I følge forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19 skal oppdragsansvarleg revisor gje ein skriftleg vurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet, og det skal skje kvart år, ved behov og ved tilbod om revisjon. Regnskapsrevisors eigenvurdering var handsama av kontrollutvalet i forje møte.

Regnskapsrevisor deltar i kontrollutvalsmøtet og presenterer revisjonsstrategien og svarer på spørsmål.

Vurdering og konklusjon

Regnskapsrevisjon følger eit årshjul med oppstartsmøte tidleg haust og levering av revisjonsmelding innan 15. april. Revisjonsstrategien blir lagt fram for kontrollutvalet om hausten slik at utvalet er kjent med korleis regnskapsrevisjonen vil gå føre. Revisjonsstrategien er revisors faglege vurderingar som kontrollutvalet ikkje kan overprøve. Kontrollutvalet kan eventuelt komme med tilleggsbestillinger av område innan regnskapsrevisjonen som det ynskjer spesiell merksemd på.

Kontrollutvalet bør være særskilt interessert i det som omhandlar risiko- og vesentlegvurderingar og eventuelle identifiserte risikofaktorer. Revisor vil i møtet forklare kva som ligg bak vurderingane. Dersom det oppstår spesielle utfordringar eller endringar under revisjonsarbeidet, vil revisjonen orientere kontrollutvalet om det.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar strategien til orientering, og bruker møtet til dialog med regnskapsrevisor for å få mest mogleg innsikt i regnskapsrevisjonen og evt. gjev innspel til revisor i vidare arbeid.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar hovedtrekka i overordna revisjonsstrategi for 2025 til etterretning.

Sak 40/25 Risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga 2025

Vedlegg

- Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2025, punkt 8

Saksutgreiing

Kontrollutvalets påsjå-ansvar er mellom anna å sjå til at det blir ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande lovverk og vedtak (jamfør kommuneloven § 23-2).

Revisor skal årleg utføre forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga på eit utvalgt område, jamfør kommuneloven § 24-9. Formålet med oppgåva er å styrke kommunens eigenkontroll gjennom å forebygge svakheiter og bidra til å sikre at kommunen følger grunnleggande og overordna krav i regelverket.

Revisor gjennomfører kontrollen med avgrensa ressursar. Valg av tema skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering som blir lagt fram for kontrollutvalet.

Revisjonen har tidlegare sett på offentlege innkjøp (2019), sjølkost (2020), vederlag for langtidsopphold i institusjon (2021), offentlege innkjøp og lojalitet til rammeavtaler (2022), merverdiavgiftslovens krav til dokumentasjon av innkjøp og framstilling av kapitalvarer (2023) og attestasjons- og anvisningskontroll (2024).

Innlandet Revisjon IKS har utarbeida "Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2025" der punkt 8 omtalar forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga, og spesifikt risiko- og vesentlegvurdering i punkt 8.3.

For 2025 er godkjenning av variabel lønn valgt som tema for forenkla etterlevelsesk kontroll, og revisor vil sjå på følgande problemstilling:

- Har kommunen skriftlege rutiner for godkjenning og utbetaling av variabel lønn
- Kva kontrollar/vurderingar blir gjort ved godkjenning av variabel lønn.

Kontrollutvalet får skriftleg uttale med resultat etter kontrollen innan 30. juni 2026.

Revisor deltar i møtet for å orientere og svare på spørsmål om risiko- og vesentlegvurdering for forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga.

Vurdering og konklusjon

Forenkla etterlevelsesk kontroll av økonomiforvaltninga er nyttige for kontrollutvalet. Utvalet får informasjon om kommunens økonomiarbeid og får grunnlag til å vurdere om det er forhold som utvalets bør sjå nærare på.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar risiko- og vesentlegvurderinga og valg av tema til orientering, og bruker møtet for å få mest mogleg innsikt i revisjonens arbeid og evt. gje innspel til revisor i vidare arbeid.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga 2025 til orientering.
2. Utvalet merker seg at kontrollen i 2025 vil omhandle godkjenning av variabel lønn.

Sak 41/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon om "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov"

Saksutgreiing

Bakgrunn

Kontrollutvalet har, i samsvar med kommuneloven § 23-2 og forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 5, ansvar for å påsjå at kommunestyrets vedtak om forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp. Utvalet kan også følge opp korleis revisjonens tilrådingar er gjennomført, i og med at formålet med revisjon er læring og forbedring.

Kontrollutvalet handsama 16. juni 2025 sak 24/25 Oppfølging av revisjonsprosjekter. Bakgrunnen var at det ikkje hadde vore nokon systematisk/formell handsaming tidlegare, korkje av revisjonens tilrådingar eller kommunestyrets vedtak.

Kontrollutvalets vedtak i sak 24/25, punkt 3:

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om kva tiltak kommunen har gjort og vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde for revisjonsprosjektet "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov". Regnskapsrevisor blir også bedd om å orientere om sitt arbeid og status/vurdering.

Det er bedt om skriftleg attandemelding etterfulgt av muntleg orientering i dette kontrollutvalsmøtet der utvalet får høve til å stille spørsmål.

Revisjonsrapport 13-2018 Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov

Det blir synt til rapporten på sekretariatets heimeside (under den einkilde kommunen og "revisjonsrapporter") <https://www.nord-gudbrandsdal.no/skng/>

I saksutgreiinga er formål, problemstilling og revisjonens tilrådingar tatt med.

Formål	Formålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke i hvilken grad administrasjonen overholder kravene i lov og forskrifter om selvkostberegninger og om det foreligger hensiktsmessig oppfølging av investeringer og vedlikehold.
Problemstillinger	1. Har Lesja kommune rutiner og beregninger for sikring av selvkost og fakturering av tjenester? 2. Har Lesja kommune en vedlikeholdsplan og investeringsplan som ivaretar framtidige behov?
Revisjonens anbefalinger	• Revisjonen anbefaler at kommunen vurderer å bruke etterkalkylen fra selvkostmodellen som regnskapsnote. • Kommunen bør ha rutiner som sikrer at det er samsvar mellom etterberegningen i selvkostmodellen, selvkostnoten i kommuneregnskapet og informasjonen som gis i årsrapporten.

Handsaming av rapporten

Kontrollutvalet handsama revisjonsrapporten 16. oktober 2018 i sak 12/18 og vedtok:
Innstilling til kommunestyret:

1. *Lesja kommunestyre tek forvaltningsrevisjonsrapporten til orientering.*
2. *Lesja kommunestyre ber rådmannen fylgje opp anbefalingane i rapporten.*

Sekretariatet har ikkje informasjon om kommunestyrets handsaming av rapporten.

Om revisors rolle/arbeid knytta til sjølkost-området

Regnskapsrevisor opplyser:

Sjølkost-området er eit mogleg område for forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga, og er derfor med i revisors vurdering for valg av tema. Det som påverkar risiko er bl.a. om kommunen bruker eit standardisert system med konsulentbruk eller om dei har sine egne modeller.

Årleg regnskapsrevisjon på sjølkost-området er i hovudsak knytta til kontroll av etterkalkyle, fondsbruk og noteopplysningar.¹

Regnskapsrevisor deltar i møtet og vil orientere kontrollutvalet og svare på spørsmål om sitt arbeid om sjølkost-området.

Attandemelding frå kommunedirektøren 28. november 2025

Notat til oppfølging av revisjonsprosjekter

Revisjonsrapport 13-2018 Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov

Kommunens svar:

- *Lesja kommune benytter et noteoppsett som er utarbeidet av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene. Grunnlaget for selvkostnoten er etterkalkyle for selvkostområdene gjort av Momentum.*
- *Revisjonsrapporten viser til tall fra 2016 der det ved en feil var blitt benyttet ulike tall i selvkostnoten for regnskapet og i årsrapporten. Revisjonen skriver i rapporten at det skyldes at det var flere versjoner av selvkostnoten. Ved skriving av årsrapporten blir det sjekket at det er samsvar mellom tallene i noten til regnskapet og i årsrapporten.*

Kommunen kan gje meir utfyllande informasjon på møtet om det er ynskjeleg.

Vurdering og konklusjon

Kommunen har svart ut revisjonens tilrådingar ved å orientere om sine rutiner.

Revisor er bedt om å orientere om sitt arbeid knytta til sjølkost-området og vil kunne verifisere korvidt kommunen har fulgt opp tilrådingane på ein tilfredstillande måte.

Sekretariatet vil legge fram forslag til vedtak i møtet i etterkant av og på grunnlag av orienteringar gjeve i møtet.

¹ Sjå også NKRFs informasjonsskriv om revisors oppgåver ved revisjon av sjølkost-område i årsregnskapet.

Sak 42/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon om "Overordnet styring av informasjonssikkerheten"

Vedlegg

➤ Attandemelding frå kommunedirektøren 27. november 2025

Saksutgreiing

Bakgrunn

Kontrollutvalet har, i samsvar med kommuneloven § 23-2 og forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 5, ansvar for å påsjå at kommunestyrets vedtak om forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp.

Kontrollutvalet vedtok 31. oktober 2025 i sak 37/25:

Kontrollutvalet ber sekretariatet sende påminning til kommunedirektør om attandemelding/status etter revisjonsrapport om informasjonssikkerheit.

Kommunedirektøren er bedt om å orientere om kva tiltak kommunen har gjort og ei vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde. Dersom kommunen fortsatt arbeider med oppfølging av tilrådingar i IKT-rapporten, ynskjer utvalet ein kort framdriftsplan/lukkeplan.

Det er bedt om skriftleg attandemelding etterfulgt av muntleg orientering i dette kontrollutvalsmøtet der utvalet får høve til å stille spørsmål.

Rapport 24-2024 Overordnet styring av informasjonssikkerheten

I saksutgreiinga er formål, problemstilling og revisjonens tilrådingar tatt med.

Formål	Formålet med revisjonen har vært å undersøke om kommunene har tilstrekkelig styring og kontroll på informasjonssikkerheten.
Problemstillinger	1. Har kommunen etablert en tilfredsstillende overordnet styring og oppfølging av informasjonssikkerheten? 2. I hvilken grad arbeider kommunen systematisk med å etablere en sikkerhetskultur i organisasjonen?
Revisjonens anbefalinger	• Arbeidet med informasjonssikkerhet bør forankres i kommunens øverste ledelse, og de bør sørge for nødvendige ressurser og kompetanse til å innføre et helhetlig ledelsessystem for informasjonssikkerhet. • Kommunen bør ta utgangspunkt i en anerkjent standard (f.eks. ISO/IEC 27 001) når de skal utforme og implementere et ledelsessystem for informasjonssikkerhet. • Kommunen bør gå gjennom rutiner og retningslinjer på IKT-området, i den hensikt å oppdatere disse og utarbeide nye der det mangler, samt gjøre dem tilgjengelige for ansatte i organisasjonen. • Kommunen bør tilby ansatte ytterligere opplæring innen digital sikkerhet, samt vurdere hvorvidt opplæringen i tillegg bør gis i en annen form. • Kommunen bør oppdatere rutinene for avvikshåndtering, og gjøre dem kjent for tjenesteledere og øvrige ansatte. Herunder anbefales å konkretisere hvilke typer avvik kommunen ønsker å få meldt på IKT-området og hvordan de følges opp.

Handsaming av rapporten

Kontrollutvalet handsama sak 2/25 Forvaltningsrevisjonsrapport om IKT-sikkerheit i sitt møte 5. februar 2025, og vedtok:

Kontrollutvalget tar forvaltningsrevisjonsrapporten "Overordnet styring av informasjonssikkerheten» til orientering.

Kontrollutvalget oversender forvaltningsrevisjonsrapporten til kommunestyret med KONTROLLUTVALGETS INNSTILLING:

- 1. Kommunestyret tar forvaltningsrevisjonsrapporten 24-2024 om overordnet styring av informasjonssikkerheten til orientering, og merker seg forbedringspunkter og funn gjort i revisjonen.*
- 2. Basert på dette ber kommunestyret om at kommunedirektøren følger opp at:*
 - Arbeidet med informasjonssikkerhet forankres i kommunens øverste ledelse, og de sørger for nødvendige ressurser og kompetanse til å innføre et helhetlig ledelsessystem for informasjonssikkerhet.*
 - Kommunen tar utgangspunkt i en anerkjent standard (f.eks. ISO/IEC 27 001) når de utformer og implementerer et ledelsessystem for informasjonssikkerhet.*
 - Kommunen går gjennom rutiner og retningslinjer på IKT-området, i den hensikt å oppdatere disse og utarbeide nye der det mangler, samt gjøre dem tilgjengelige for ansatte i organisasjonen.*
 - Kommunen tilbyr ansatte ytterligere opplæring innen digital sikkerhet, samt vurderer hvorvidt opplæringen i tillegg bør gis i en annen form.*
 - Kommunen oppdaterer rutineene for avvikshåndtering, og gjør dem kjent for tjenesteledere og øvrige ansatte. Herunder konkretiserer hvilke typer avvik kommunen ønsker å få meldt på IKT-området og hvordan de følges opp.*
- 3. Kommunestyret forventer at kommunedirektøren gir kontrollutvalget en skriftlig tilbakemelding på hvordan anbefalingene er fulgt opp innen 31.08.2025. Dette blir fulgt opp med en muntlig orientering i kontrollutvalgets møte når utvalget behandler oppfølging av revisjonsrapporten.*

Kommunestyret handsama rapporten 20. februar 2025 i sak 8/25, og vedtok kontrollutvalets innstilling

Vurdering og konklusjon

Sekretariatet vurderer at kommunedirektøren har gjeve utfyllande attandemelding på tilrådingar etter forvaltningsrevisjonen. Fleire tiltak er iverksatt og det er ein tydeleg vilje til forbedring. Ein merker seg at kommunen har definert overordna mål og strategi for informasjonssikkerheit i kommunen, definert ansvar og oppgåver samt laga instruks for risikovurdering. Kommunen har også gjennomført tiltak for å bedre kommunens internkontrollen generelt, og dette vil også styrke kommunens informasjonssikkerheit. Informasjonssikkerheit er tema i leiarforum. Det framkjem ikkje frå dokumentene korvidt det er oppretta sikkerhetsråd eller om dette er planlagt.

Samtidig er det forhold som kontrollutvalet bør følge med på vidare.

- Kommunens evaluering av opplæringstiltak for tilsette og kartlegging av behov for ytterlegare opplæring og/eller opplæring i ein annan form.
- Utvikling av meldte avvik innan IKT og kommunens oppfølging (dette er relevant oppfølging av revisjonsprosjektet særskilt og internkontroll generelt).
- Etablering av sikkerhetsråd og saker i dette.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar attandemeldinga til orientering og sender oppfølging til kommunestyret og ber om oppdatert orientering i løpet av 2026.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar attandemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten "Overordnet styring av informasjonssikkerheten" til etterretning.
2. Kontrollutvalet sender oppfølginga til kommunestyret med følgende INNSTILLING
 - Kommunestyret merker seg at det er igangsatt prosesser og tiltak for å følge opp dei tilrådingar som vart vedtatt av kommunestyret etter forvaltningsrevisjonsrapporten om "Overordnet styring av informasjonssikkerheten" og tar oppfølginga til orientering.
 - Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei oppdatert orientering innan utgangen av 2026.

Sak 43/25 Kontrollutvalets årsplan for 2026

Vedlegg

- Årsplan-2026

Saksutgreiing

Kontrollutvalet blir gjennom denne saka beden om å vurdere korleis det ynskjer å gjennomføre den politiske eigenkontrollen på vegner av kommunestyret.

For å systematisere og målrette kontrollutvalets arbeid, har sekretariatet utarbeida ein årsplan for kontrollutvalets kontrollarbeid. Planen er ei vidareføring av årshjulet som utvalet er kjent med frå før, men har ein større tekstdel om kontrollutvalets rolle og ansvar. Dette vil forhåpentlegvis bidra til å avklare forventningar og roller og dermed betre samhandling mellom ulike aktørar i kontrollarbeidet. Årsplanen vil gje utvalet betre oversikt og grunnlag for arbeidet sitt, og den vil synleggjere overfor kommunestyret og administrasjonen korleis kontrollutvalet planlegg å utføre arbeidet sitt.

Årsplanen viser dei faste og pålagde aktivitetane. Lista er ikkje uttømmende eller avgrensande for utvalets arbeid. Kontrollutvalet må løpande vurdere om det er behov for fleire saker og kontrollhandlingar, og eventuelt også fleire møter.

Sidan kontrollutvalet er halvvegs i sin periode, er det naturleg å vurdere om det skal gjennomføre ein revidering av plan for forvaltningsrevisjon og eierskapkontroll, basert på risiko- og vesentlegvurdering og evt. nye opplysningar.

Det er planlagt seks møter i løpet av året, som også samsvarer med kontrollutvalets budsjettforslag. Møteplanen vil stort sett vidareføre utvalets ynskje om møtedag.

Eit møte er foreslått som fellesmøte i 6K for å handsame felles saker, samt som eit viktig forum for opplæring og erfaringsdeling. Erfaringsvis er det få som deltar på nasjonale konferanser, og sekretariatet foreslår at det blir brukt ressursar på felles opplæring og oppdatering lokalt.

Vurdering og konklusjon

Med mindre kontrollutvalet har ynskje om fleire kontrollhandlingar eller aktivitetar, kan kontrollutvalet slutte seg til forslag til årsplan for 2026.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner forslag til årsplan-2026.
2. Kontrollutvalet sender årsplanen til kommunestyret med følgande forslag til vedtak: Kommunestyret tar kontrollutvalets årsplan-2026 til orientering.

Sak 44/25 Oppdragsavtale 2026 med Innlandet Revisjon IKS

Vedlegg

- Oppdragsavtale 2026 mellom Lesja kommune og Innlandet Revisjon IKS

Saksutgreiing

Kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen følger av kommuneloven og forskrift for kontrollutvalg og revisjon, og blir ivaretatt gjennom oppdragsavtala og oppfølging av denne. Kommunestyret har delegert til kontrollutvalet å inngå årleg oppdragsavtale med revisjonsselskapet. Forslag til avtale for 2026 er vedlagt saken.

Etter kommuneloven § 24-1 bestemmer kommunestyret korvidt kommunen skal tilsette eigen revisor, delta i interkommunalt revisjonssamarbeid eller inngå avtale med annan revisor. Kommunene i Norddalen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor og er medeigar i selskapet.

Kommunen ivaretar sine lovpålagte revisjonstenester ved deltaking i Innlandet Revisjon IKS. Oppdragsavtala vil saman med selskapsavtala tilfredsstille krava til engasjementsbrev etter internasjonale revisjonsstandardar.

Oppdragsavtala omtaler revisjonsoppdraget, revisjonens oppgåver, rollefordeling og kva som kan forventast av revisjonen. Punkt 8 og 9 om dialog og rapportering skal sikre at kontrollutvalet får løpande orientering og tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere og ivareta sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen, mellom anna at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning.

I følge inngått selskapsavtale skal kommunen bestille alle lovpålagte revisjonstenester frå revisjonsselskapet og revisjonen skal fakturere sine tenester etter medgått tid og timeprisar etter sjølkostprinsippet.

Avtala har totalt 762 revisjonstimar, fordelt med 445 timar til regnskapsrevisjon, 300 timar til forvaltningsrevisjon og 17 timar til møter. Timeprisar er dei same som i 2025, regnskapsrevisjon kr 1250 og forvaltningsrevisjon gjennomsnittleg kr 1380. Timesatsane er under føresetnad av godkjenning av representantskapet i desember.

Oppdragsavtala for 2026 innebærer kjøp av revisjonstenester for kr 993.710.

Innlandet Revisjon IKS rapporterer tidsbruk og økonomi til kontrollutvalet etter første og andre tertial (30/4 og 31/8), i tillegg til ein årsrapport (31/12). Rapportane blir sendt ein måned etter at perioda er omme og skal grunngje evt. vesentleg avvik.

Vurdering og konklusjon

Alle tenestene som er lista opp i oppdragsavtala er lovpålagde oppgåver med unntak av veiledning og bistand samt andre tjenester. Kontrollutvalet har liten påverknad på tidsbruk til regnskapsrevisjon, men kan komme med innspel til revisjonsstrategien. Forvaltningsrevisjon blir utført etter bestilling frå kontrollutvalet. Kommunen betaler for medgått tid og det er dermed ingen risiko for at kommunen betaler for timar den ikkje får/bestiller.

Dersom kommunestyret vedtar lågare budsjett for kontrollarbeidet i kommunen enn utvalets forslag, må kontrollutvalet handsame budsjett og oppdragsavtale på nytt.

Kontrollutvalgets påsjå-ansvar overfor revisjonen blir ivaretatt gjennom oppfølging av oppdragsavtala, og det er viktig at utvalet setter seg godt inn i oppdragsavtala.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner framlagt oppdragsavtale.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale for 2026 mellom Lesja kommune og Innlandet Revisjon IKS med ei total økonomisk ramme på kr 993.710.
2. Avtala blir inngått under føresetnad av at kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeid blir vedtatt av kommunestyret samt at oppgjøve timeprisar i avtala blir vedtatt av revisjonsselskapets representantskap.

Sak 45/25 Referatsaker og orienteringar

Saksutgreiing

Kontrollutvalet får i dette møtet følgande referatsaker og orienteringar:

- Løypemelding/status om forvaltningsrevisjonen "Offentlige anskaffelser"
- Uavhengighetserklæring frå forvaltningsrevisor Kaija Skaare Lier (vedlagt)
- Kundeletter frå Innlandet Revisjon IKS: Budsjettfullmakter og budsjettjusteringar (vedlagt)

- Prosjektplan: Oppfølgingskontroll om helsesamarbeidet NGLMS (vedlagt)
 - Utvalet vedtok 16. juni 2025: Kontrollutvalet bestiller ein oppfølgingskontroll av revisjonsprosjektet "Helsesamarbeid – NGLMS". Kontrollen blir bestilt frå Innlandet Revisjon IKS og i samarbeid med øvrige kontrollutval i 6K.
 - Sekretariatet foreslår at denne blir handsama i første møte i 2026.
- Oppfølging av rapport etter eigarskapskontroll av NGR
 - Kontrollutvalet vedtok 11.9.25 m.a: "Kommunestyret ber om at kontrollutvalget får en oppdatert orientering fra kommunens eierrepresentant, særlig om arbeidet med felles eierskapsmelding for NGR og oppnevning av valgkomité, i tråd med kommunestyrets vedtak."
 - Ifølge revidert selskapsavtale § 4 (vedtatt av alle kommunene i 2024), velger eigarkommunene sin representant til representantskapet samt 2 vara og representantskapet velger styret etter innstilling frå valgkomiteen (som er ordførarane).
- Oppfølging av nummerert brev etter forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i 2023
 - Kontrollutvalet vedtok 25. april 2025 å be revisor informere om forhold som er tatt opp i nummerert brev som ikkje er retta eller tilstrekkeleg fulgt opp og at dette kan være i samme møte som revisor legg fram overordna revisjonsstrategi. Revisjonsstrategi blir lagt fram i dette møtet, og sekretariatet har hatt dialog med revisor for å avklare evt. oppfølging av nummerert brev.
 - Regnskapsrevisor opplyser at dersom det er nummererte brev som skal følgast opp vidare, vil det bli omtalt årleg i tertialrapportering for 3. tertial. Denne rapporten får utvalet i løpet av januar.
 - Revisor skriv vidare at kommunene har orientert om rutiner og revisjon, og revisjonen innhenter dokumentasjon om eigedommer og helse- og omsorgsboliger i samband med momskompensasjon for 6. termin. Justeringshendelser blir kontrollert som ein del av årsoppgjeret og momskompensasjon for 6. termin.
- Revidert rutine for varsling i 6K (vedlagt). Dette er arbeidsgruppas forslag som nå er sendt til kommunedirektørane.
- Aktuelle kommunestyresaker
- Bernt svarer
 - 7.10. Kan man utelukke småpartiene fra å delta i møter i forretningsutvalget?
Bernt svarer: – Kommuner som har slike forretningsutvalg må se nøye på reglene
 - 22.10: Det blir sagt at jeg kan bli inhabil av å delta på folkemøte i en sak jeg skal behandle som folkevalgt. Kan ikke folkevalgte møte opp på folkemøter?
Bernt svarer: – Det ligger i rollen som folkevalgt å engasjere seg i offentlig debatt
 - 10.11. Hvor lenge kan en ordfører være borte fra sine plikter, uten å være sykemeldt, og hvem tar over ansvaret når ordfører ikke er der?
 - Bernt svarer: – Ikke adgang til å velge en «setteordfører» under ordførers midlertidige fravær
 - 17.11: Velforeningen ville heise opp et svært seil på offentlig grunn for å markere høyden på et planlagt hotell. Men kommunen sa nei til markeringen.
Bernt svarer: – Ikke forsvarlig saksbehandling å avskjære berørte naboer

Sekretariatets forslag til vedtak

- Kontrollutvalet tar uavhengighetsvurdering frå Kaija Skaare Lier til orientering.
- Kontrollutvalet handsamer prosjektplan for oppfølgingskontroll NGLMS på første møtet i 2026.
- Kontrollutvalet tar øvrige referat og orienteringar til etterretning.

Ope post**Saksutgreiing**

Sekretariatet er ikkje kjent med aktuelle drøftingssaker til dette møtet.

Utvalsmedlemmer blir bedne om å melde inn eventuelle saker ved møtestart under godkjenning av saklista.